



BREMANGER KOMMUNE

SERVICEKONTORET

Regional - og kommunaldepartementet
Postboks 8129 Dep.

0032 OSLO

Vår ref.
12/1933-2/K1-010, K3-&13//HJM

Dykkar ref.

Dato:
31.08.2012

Høyringsnotat med forslag til endringar i vallova

Viser til høyringsbrev datet 04.05.12 samt e-post av 20.08.12 vedkomande utviding av høyringsfrist.

Bremanger kommune gjev ei administrativ fråsegn i saka.

Evaluering av valet i 2011 vert teke til vitande.

1. Bremanger kommune støtter forslag til endring i vallova om manntal (§§ 2-3,2-5,2-7 og 2-9) med følgjande merknad:

§2-5:

Det etablerast eit foreløpig manntal pr 2. januar i valåret. Manntalet må gjerast tilgjengeleg for kommunane same dato, slik at arbeidet med listeforslaga kan starte så tidleg som mogeleg.

Merknad til forslag om valkort på nett:

Departementet vurderer å gjere valkorta elektronisk tilgjengeleg via www.valg.no slik av veljarar som ikkje mottek vakort på papir kan henvisast til den elektroniske versjonen (s.65 i høyringsnotatet) Bremanger kommune støtter dette forslaget.

2. Bremanger kommune støttar Forslag til endring av valglova om førehandsrøystgjeving (§§ 8-1 og 8-4) med følgjande merknad:
 - a. Dagens ordning med at det er heilt ulike måtar å avgje røyst på førehand og på valting, er forvirrande for veljarane. Dessutan reagerer veljarane på bruk av valkort som vert lagt i omslagskonvolutten ilag med røystesetelkonvolutten. Veljarane melder attende at dei meiner at dette ikkje sikrar hemmeleg røystgjeving.
 - b. Røystgjeving frå kommunen sine eigne veljarar bør være så lik som mogeleg både for førehandsrøysting og valtingsrøysting ved at ein i begge høva stemplar setelen som veljaren sjølv legg direkte i urna og røystgjevinga vert godkjend samstundes.

- c. Røystegjeving til og frå andre kommunar sine veljarar vert vidaraeført som no.
 - d. Røystegjeving frå andre typar veljarar (har førehandsrøysta tidlegare, ikkje i manntalet) handsamast som «særskilt røystegjeving» tilsvarande som for valgtingsrøystegjeving..
 - e. Røystegjeving i beredskapssituasjon gjennomførast tilsvarande forsøket ved valtinget i 2011.
3. Forslag til endring i vallova om tilgjengelegheit (§§ 8-3 og 9-3) støttast.
4. Etablering av eit nytt sentralt elektronisk valadministrativt datasystem (EVA), som vert utvikla og drifta av staten og vert stillt til fri disposisjon for kommunane og fylkeskommunane støttast fullt ut. Om nødvendig bør dette takast inn i vallova eller valforskrifta så snart som mogeleg.

Departementet kommenterte ikkje forsøket med elektronisk røystegjeving, dersom forsøket med slik røystegjeving skal halde fram, bør dei kommunane som deltok i forsøket i 2011 få delta vidare. Det vil nok opplevast negativt blant veljarane våre dersom dette ikkje vert mogeleg.

Merknad til vallova §9-5, 4 ledd.


Bremanger kommune deltok i forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet ved valet i 2011. I det høvet kryssa ein elektronisk i manntalet både for veljarar som var manntalsført i kretsen og for veljarar frå andre kretsar i kommunen.

Røyster frå veljarar tilhøyrande andre kretsar (framande røyster) vart stempla og lagt i eiga urne, ein gjekk her vekk ifrå at desse røystene skulle leggjast i røystesetelkonvolutt og omslagskonvolutt. Urnene med framande røyster vart frakta uopna inn til valstyret for ein samla opteljing.

Løysinga var ei klar forbetring frå tidlegare.

Bremanger kommune meiner at ei betre løysing, spesielt for små kommunar, vil vere at framande røyster vert kryssa elektronisk i manntalet ved same bord som veljarane tilhøyrande valkretsen, stempla og lagt i same urne som veljar tilhøyrande kretsen nyttar. Det er tidssparande, mannskapssparande og sikrar hemmeleg røystegjeving. For kommunar som ynskjer framandrøystene skilt ut, kan ein bruke eigne roder for framandrøyster.

Med helsing


Tom Jacobsen
Rådmann


Hilde Jenssen Midtbø
Valsekretær